


# ÅRDALEN NATURRESERVAT



Årdalen vart verna som naturreservat ved kongeleg resolusjon av 17. desember 1993. Foremalet med vernet er å ta vare på eit større samanhengjande naturområde som er lite paverka av menneskelege inngrep og med ein variert natur som samla er representativ for midtre delar av Aust-Agder. Reservatet er ca 21,3 km<sup>2</sup> med 15,5 km<sup>2</sup> i Åmli kommune og 5,8 km<sup>2</sup> i Bygland kommune. I aust grensar Årdalen naturreservat mot Rukkevatn barskogreservat på ca 19,5 km<sup>2</sup> og i nord mot Furubuheii myrreservat på ca 1,9 km<sup>2</sup>. Totalt utgjer desse tre reservata 42,7 km<sup>2</sup> verna areal.

## BERGGRUNN, TOPOGRAFI OG JORDSMONN

Berggrunnen er i hovudsak grunnfjell med ulike typar gneis og granitt, men med innslag av amfibolitt, mellom anna ved Nuten. Under istida vart terrenget overflata hovla i sør-austleg retning, slik at knausane vart avrunna på nordsida og bratte på sorsida. Det forma tverrsnittet viser at dalen er forma av isen. Elvelaupet skiftar mellom å renne i stille loner og stryk for så til slutt å falle utfor Bjukanfossen.

Myrene kan delast inn i tre kategoriar etter utsjanad og korleis dei er vortne til; flatmyrer, strengmyrer og bakkemyrer. Av desse er dei flotte strengmyrene i dalbotnen mellom Anebjør og Videstoyl nasjonalt interessante. Under siste istid vart det avsett lausmassar i form av morener, særleg i dalbotnen. På sletta langs elva finn ein opp til 10 meter tjukke avsetjingar av sand og grus (breely-avsetjingar). Gneis og granitt er sakalla «sure» og næringsfattige bergartar. Amfibolitt gjev opphav til meir næringsrikt jordsmonn enn gneis og granitt, noko som vert spegla i vegetasjonstypene.

## DYRELIVET

### Fisk, amfibiar og krypdyr

Av fisk er det berre aure som finst naturleg i reservatet og denne er det ein god bestand av. Av amfibiar er det berre vanleg frosk som er registrert. Krypdyra som finst i Tovdalsområdet, er: firkfis, stalorm, buorm og hoggorm.

### Fuglar

Ornitologien er representativ for indre strok av landsdelen. I området finn ein både typiske hogfjellsartar og laglandsartar. Dette gjer området dyregeografisk interessant. I reservatet hekkar truleg alle dei attle hakkespettartane i Noreg. Det er einestaaende sjølv i landssamanhang. I Årdalen held fleire artar av rovfugl og ugler til. Til liks med hakkespettane er fleire av artane sjeldsynte, sarbare og sky. Det krev varsemd av dei som vitjar reservatet!

I Årdalen hekkar og rastar elles relativt mange fuglar.

### Pattedyr

Ein kan få sjå både elg, rein, radyr, hare, rev, mår og grevling i reservatet. Langs breiddene av Tovdalselva ser ein fort at beveren held til. Det ser ein av dei mange felte lauvtræa og stiane som slynger seg fra dei bratte liene og ut i elva. Av dei store rovdyra er gaupa og den sjeldnare jerven innom området fra tid til annan. Lemen med fleire er kjent for dei sykliske bestandsvingingane sine og førekjem til tider i store mengder i Årdalen.

## KLIMA OG VEGETASJON

Klimaet er eit typisk innlandsklima med kalde vintrar og varme sumrar. Av di Ardalens ligg i regnskuggen, far den nok mindre nedbor enn det meste av fylket elles. Reservatet ligg i den boreale vegetasjonsregionen der bar-skog og lauvskogartar som taler kulde dominerer. Skoggrensa ligg omlag 6-700 m oh.



Anebjør er ein av dei mange stoylane som finst i reservatet. Historiske kjelder peikar i retning av at dette truleg var den fyrste plassen med fastbuande i Tovdal.

Denne bestar av fattig bjørkeskog eller furuskog som delvis går over i alpine rosslyng-heier mot toppane. Ein kan skilje mellom fire hovudtypar av skogvegetasjon: Lyngfuruskog på sand- og grusavleiringer i dalbotnen, blåbærgranskog i liene, hage-marks-kog i området ved Nuten og blåbær/smabregne-bjørkeskog hogst opp i liene. I tillegg finn ein bjørkeskog på innmark rundt fleire av dei gamle setrene. Det finst også ein relativt stor ospeforekomst ved Anebjør. Skogen har fleire stader ein urskogaktig utsjanad med tre i alle årsklassar og ein del ståande og liggjande daude tre.

Floraen må seiast a vera fattig og særmerkt for indre delar av Aust-Agder. Dei aller fleste plantene krev lite næring.



Rjukanfossen

## TRADISJONELL BRUK AV ÅRDALEN

Det finst spor etter menneskeaktivitet heilt attende til steinalderen for om lag 4-5000 år sidan. Heile tre steinaldarbuplassar, fire jern-



Bever er ein karakterart for Ardalens. Ein finn merke etter arten dei fleste stader langs elva.

vinneplassar, tre gardsanlegg fra jernalderen og/eller mellomalderen og ei dyregrav er funne i reservatet.

Langs heile dalen ligg det i dag gamle stoylar. Fleire av desse var i bruk heilt fram til 2. verdskriga. Myrene og setervollane vart utnyttat til slatt. Dei siste spora etter større skogsdrifter er fra 1927. Jakt, fangst og fiske har vore drive frå dei fyrste menneska sette sin fot i dalen og fram til i dag. Stoylane vert i dag mellom anna nytta som overnattingsstadar for jegerar.

Friluftsliv slik vi driv det i dag, er etter maten ein ny aktivitet i området. Reservatet ligg sentralt til i den sørlege delen av turområda i Setesdal Austhei. Dei fleste menneska i Aust-Agder bur langs kysten, og avstanden er ikkje lengre enn at det let seg gjera a ta dagsturar i området. Ardalens og omland vert rekna med til dei siste større skogsdominerte områda i fylket der det ikkje er tyngre tekniske inngrep.

### Interessant å lese før turen:

Tovdal bygdebok:  
Om Ånebjør, s. 134,  
Staur-visa, s.385 – 396.